



Møteinnkalling

Utval:	Bømlo kommune, Kontrollutvalet
Møtestad:	Bømlo rådhus, Formannskapssalen
Dato:	13.02.2026
Tid:	10:00

Til varamedlemar er denne innkallinga å sjå på som ei orientering.
Dersom det vert aktuelt at varamedlemar må møta, vil det bli gjeve nærmare beskjed.

Arne Zahl Røksund
kontrollutvalsleiar

Anne Kristin Meyer
kontrollsjef

Malene Hopsdal Grønningen
seniorrådgjevar

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Kopi: Vararepresentantar til kontrollutvalet
Ordførar
Revisor
Kommunedirektør/Rådmann

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off
	Godkjenningssaker		
GK 1/26	Godkjenning av innkalling og sakliste		
	Politiske saker		
PS 1/26	Godkjenning av møteprotokoll frå møte 20.11.2025	2023/512	
PS 2/26	Møteplan 2026 for kontrollutvalet	2024/3	
PS 3/26	Årsmelding 2025 for kontrollutvalet	2024/17	
PS 4/26	Kurs i regi av Deloitte AS i 2026	2025/19	
PS 5/26	Orientering frå kommunedirektør - nytt frå kommunen	2022/40	
PS 6/26	Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval	2023/483	
PS 7/26	Eventuelt	2023/482	

GK 1/26 Godkjenning av innkalling og sakliste



Saksframlegg

Saksnr: 2023/512-23
Saksbehandlar: Malene Hopsdal
Grønningen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Bømlo kommune, Kontrollutvalet	1/26	13.02.2026

Godkjenning av møteprotokoll frå møte 20.11.2025

Forslag til vedtak

1. Møteprotokoll frå møte 20.11.2025 vert godkjent.

Anne Kristin Meyer
kontrollsjef

Malene Hopsdal Grønningen
rådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Møteprotokoll 20.11.2025 - KU - Bømlo kommune.pdf

**Møteprotokoll**

Utval:	Bømlo kommune, Kontrollutvalet
Møtestad:	Rådhuset,
Dato:	20.11.2025
Tid:	12:25 -14:50

Følgjande faste medlemer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Arne Zahl Røksund	Leiar	SV
Lene Borgen Waage	Medlem	AP
Ståle Sagvaag	Medlem	FRP

Følgjande medlemer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Rune Kvernenes	NEST	H
Bente Spissøy	MEDL	DNI

Følgjande varamedlemer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Magnar Skålevik (til PS 41/25)	Bente Spissøy	Vlpartiet
Stig Randal	Rune Kvernenes	H

Andre som møtte:

Namn	Rolle
Morten Helland	Ordførar (Til PS 40/25)
Kjetil Aga Gjøsæter	Kommunedirektør (Til PS 39/25)
Tone Stavland	Kommunalsjef samfunnsutvikling (Til PS 37/25)
Vanja Espeland	Personalsjef (Til PS 40/25)
Arne Bjelland	Dagleg leiar BVA (Til PS 35/25)
June Stavland	Juridisk seniorrådgjevar
Kjersti Gjuvslund	Forvaltningsrevisor Deloitte AS (Til PS 41/25)
Espen Hordvik	Rekneskapsrevisor Deloitte AS
Anne Kristin Meyer	Kontrollsjef
Malene Hopsdal Grønningen	Utvalssekretær

Arne Zahl Røksund
utvalsleiar

Malene Hopsdal Grønningen
utvalssekretær

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off
	Godkjenningssaker		
GK 12/25	Godkjenning av innkalling og sakliste		
GK 13/25	Godkjenning av møteprotokoll frå møte 19.09.2025 - Bømlo kommune	2023/512	
GK 14/25	Godkjenning av møteprotokoll frå møte 19.09.2025 - Bømlo kommune	2023/512	
	Politiske saker		
PS 35/25	Forvaltningsrevisjon av Bømlo vatn og avløpsselskap AS - orientering frå dagleg leiar	2025/33	
PS 36/25	Forvaltningsrevisjon av Bømlo vatn og avløpsselskap AS - prosjektplan	2025/33	
PS 37/25	Teljepraksis i delings- og byggesaker i LNFR spreidd bustadsområde - oppfølging	2023/496	
PS 38/25	Forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll av Bømlo kommunale eigedomsselskap AS - oppfølging av handlingsplan	2022/339	
PS 39/25	Orientering frå kommunedirektør - nytt frå kommunen	2022/40	
PS 40/25	Orientering frå kommunedirektør - Tilsettingsprosessar i kommunen	2022/40	
PS 41/25	Deloitte AS presenterer interimrevisjonsrapport 2025	2023/487	
PS 42/25	Vurdering av om Deloitte AS er uavhengig i høve Bømlo kommune	2024/89	
PS 43/25	Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval	2023/483	
PS 44/25	Eventuelt	2023/482	
	Referat saker		
RS 12/25	VS: Velkommen til Kontrollutvalgskonferansen 2026	2024/12	
RS 13/25	Årsmelding 2024-2025 Mobbeombodet i Vestland	2024/12	

GK 12/25 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll 20.11.2025 - Bømlo kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det framkom ikkje merknader til innkalling og sakliste.

Vedtak:

Innkalling og sakliste vart godkjent.

GK 13/25 Godkjenning av møteprotokoll frå møte 19.09.2025 - Bømlo kommune

Forslag til vedtak

Møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 19.09.2025 vert godkjent.

Saksprotokoll 20.11.2025 - Bømlo kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det framkom ikkje merknader til protokoll frå møte 19.09.2025-

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 19.09.2025 vert godkjent.

PS 35/25 Forvaltningsrevisjon av Bømlo vatn og avløpsselskap AS - orientering frå dagleg leiar

Forslag til vedtak

Informasjonen vart teken til orientering

Saksprotokoll 20.11.2025 - Bømlo kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Dagleg leiar for Bømlo vatn og avløpsselskap AS, Arne Bjelland, held si orientering.

Det vart òg svart ut spørsmål frå utvalet.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Informasjonen vart teken til orientering

PS 36/25 Forvaltningsrevisjon av Bømlo vatn og avløpsselskap AS - prosjektplan

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet bestiller forvaltningsrevisjon av Bømlo vatn og avløpsselskap AS frå Deloitte AS, med utgangspunkt i forslag til prosjektplan og ev. innspel under drøftinga i møtet.
2. Ev. ny korrigert prosjektplan vert å sende sekretariatet innan 27.11.2025. Dersom det er naudsynt får kontrollutvalsleiar i samråd med sekretariatet fullmakt til å godkjenna den endelege prosjektplanen.
3. Det vert akseptert ein samla timeressurs på inntil det timetal som går fram av prosjektplanen.
4. Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapporten frå Deloitte skal vere ferdig innan 20.08.2026, ferdig verifisert og med kommunedirektøren si uttale vedlagt og/eller innarbeidd, slik at saka kan handsamast i første haustmøte i kontrollutvalet 2026.

Saksprotokoll 20.11.2025 - Bømlo kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Kjersti Gjuvsland ved Deloitte AS gav ei orientering basert på tilsend prosjektplan.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet bestiller forvaltningsrevisjon av Bømlo vatn og avløpsselskap AS frå Deloitte AS, med utgangspunkt i forslag til prosjektplan og ev. innspel under drøftinga i møtet.
2. Ev. ny korrigert prosjektplan vert å sende sekretariatet innan 27.11.2025. Dersom det er naudsynt får kontrollutvalsleiar i samråd med sekretariatet fullmakt til å godkjenna den endelege prosjektplanen.
3. Det vert akseptert ein samla timeressurs på inntil det timetal som går fram av prosjektplanen.
4. Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapporten frå Deloitte skal vere ferdig innan 20.08.2026, ferdig verifisert og med kommunedirektøren si uttale vedlagt og/eller innarbeidd, slik at saka kan handsamast i første haustmøte i kontrollutvalet 2026.

PS 37/25 Teljepraksis i delings- og byggesaker i LNFR spreidd bustadsområde - oppfølging

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet ber om at kommunedirektøren legg fram ei ny orientering for utvalet i eitt av haustmøta 2026, etter at planen har vore på andre gongs høyring, med skriftleg statusmelding i forkant av møtet.

Saksprotokoll 20.11.2025 - Bømlo kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet ber om at kommunedirektøren legg fram ei ny orientering til eitt av haustmøta 2026, dersom planen då er tilstrekkeleg ferdigstilt til at ei orientering er formålstenleg.

Dersom det ikkje ligg føre vesentlege oppdateringar på det tidspunktet, kan orienteringa flyttast til eit seinare møte.

Det er ønskjeleg at ei skriftleg statusmelding blir sendt ut i forkant av møtet.

PS 38/25 Forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll av Bømlo kommunale eigedomsselskap AS - oppfølging av handlingsplan

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet tek til vitande at kommunen har gjort framsteg i betringsarbeidet, men ser at det framleis er behov for vidare oppfølging.
2. Kontrollutvalet ber om ei ny skriftleg oppdatering på handlingsplanen til eitt av haustmøta i 2026.

Saksprotokoll 20.11.2025 - Bømlo kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet tek til vitande at kommunen har gjort framsteg i betringsarbeidet, men ser at det framleis er behov for vidare oppfølging.
2. Kontrollutvalet ber om ei ny skriftleg oppdatering på handlingsplanen til eitt av haustmøta i 2026.

PS 39/25 Orientering frå kommunedirektør – nytt frå kommunen

Forslag til vedtak

Informasjonen vart teken til orientering

Saksprotokoll 20.11.2025 - Bømlo kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Kommunedirektør held sin orientering i møtet. Skriftleg versjon av orienteringa vert sendt ut saman med protokoll.

Spørsmål frå utvalet vart og svart ut.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Informasjonen vart teken til orientering

PS 40/25 Orientering frå kommunedirektør - Tilsettingsprosessar i kommunen

Forslag til vedtak

Informasjonen vart teken til orientering

Saksprotokoll 20.11.2025 - Bømlo kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Personalsjef Vanja Espeland held ei orientering om tilsettingsprosessar i kommunen. Presentasjonen vert sendt ut saman med protokoll.

Spørsmål frå utvalet vart og svara ut.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Informasjonen vart teken til orientering

PS 41/25 Deloitte AS presenterer interimsrevisjonsrapport 2025

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tek oppsummering etter interimsrevisjon 2025 frå Deloitte AS til orientering.

Saksprotokoll 20.11.2025 - Bømlo kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Espen Hordvik ved Deloitte AS presenterte interimsrevisjonsrapport 2025.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tek oppsummering etter interimsrevisjon 2025 frå Deloitte AS til orientering.

PS 42/25 Vurdering av om Deloitte AS er uavhengig i høve Bømlo kommune

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tek eigenvurderinga frå partner Unni-Renate Moe, vedrørande om Deloitte AS er uavhengig i høve Bømlo kommune, til etterretning.

Saksprotokoll 20.11.2025 - Bømlo kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tek eigenvurderinga frå partner Unni-Renate Moe, vedrørande om Deloitte AS er uavhengig i høve Bømlo kommune, til etterretning.

PS 43/25 Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane som går fram av saksutgreiinga til orientering.

Saksprotokoll 20.11.2025 - Bømlo kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Representantane i utvalet la fram relevante sakar frå sine respektive utval.

Grunna forfall vart ikkje møteprotokollane frå kommunestyret eller formannskapet handtert.

Det vart uttrykkja eit ønske om å få oversendt B-sak 52/25 frå møte 01.10.2025 i Utval for areal og samferdsel, som er unntatt offentlegheit.

Utvalet ber òg om ei nærare orientering om sak 53/25 frå møte 05.11.2025 i same utval.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet tar møteprotokollene som går fram av saksutgreiinga til orientering.
2. Kontrollutvalet ber om ein munnleg orientering frå kommunedirektør om saksgangen i sak 52/25, frå møte 01.10.2025 i Utval for areal og samferdsel.
3. Kontrollutvalet ønsker å få framlagt sak 53/25 frå møte 05.11.2025 i Utval for areal og samferdsel.

PS 44/25 Eventuelt

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Saksprotokoll 20.11.2025 - Bømlo kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det vart diskutert dato for første møte i kontrollutvalet i 2026.

Kontrollutvalet vart samde om å nytte den foreslåtte datoen frå sekretariatet, og set første møtedato i 2026 til 13.02.2026.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet set første møtedato i 2026 til 13.02.2026, i tråd med forslag frå sekretariatet.

RS 12/25 VS: Velkommen til Kontrollutvalgskonferansen 2026

Saksprotokoll 20.11.2025 - Bømlo kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Forslaget var samrøystes.

Vedtak:

Referatsaka vert teken til orientering.

**RS 13/25 VS: Årsmelding 2024-2025 Mobbeombudet i Vestland
Saksprotokoll 20.11.2025 - Bømlo kommune, Kontrollutvalet****Behandling i møte**

Forslaget var samrøystes.

Vedtak:

Referatsaka vert teken til orientering.



Saksframlegg

Saksnr: 2024/3-3
Saksbehandlar: Malene Hopsdal
Grønningen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Bømlo kommune, Kontrollutvalet	2/26	13.02.2026

Møteplan 2026 for kontrollutvalet

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet legg opp til slik møteaktivitet vidare i 2026:

- 17.04.2026
- 07.05.2026
- 25.09.2026
- 05.11.2026

Samandrag

Møteplan for kontrollutvalet vert forsøkt lagt opp slik at den mest mogleg samsvarar med møteplan for kommunestyret og formannskapet i Bømlo kommune.

Anne Kristin Meyer
kontrollsjef

Malene Hopsdal Grønningen
rådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Det er føremålstenleg å fastsetje møteplan for kontrollutvalet for heile 2026. Dette er særleg viktig av omsyn til handsaminga av årsmelding og årsrekneskap for kommunen, som normalt vert handsama i formannskapet og kommunestyret i mai.

Vedtakskompetanse

Det er kontrollutvalet som har vedtakskompetanse til å vedta eigen møteplan, jf. kommunelova § 23-2.

Konklusjon

Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet vedtek møteplanen slik den ligg føre.



Saksframlegg

Saksnr: 2024/17-6
Saksbehandlar: Malene Hopsdal
Grønningen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Bømlo kommune, Kontrollutvalet	3/26	13.02.2026

Årsmelding 2025 for kontrollutvalet

Forslag til innstilling

Kommunestyret godkjenner årsmelding 2025 for kontrollutvalet.

Samandrag

Sekretariatet har laga forslag til utvalet si årsmelding for 2025. Årsmeldinga frå kontrollutvalet må reknast som ein del av den lovpålagte rapporteringa frå utvalet til kommunestyret.

Anne Kristin Meyer
kontrollsjef

Malene Hopsdal Grønningen
rådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

1. Årsmelding Bømlo kommune 2025

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Sekretariatet har utarbeida forslag til årsmelding 2025 for kontrollutvalet. Årsmeldinga er ein lekk i rapporteringa frå utvalet til kommunestyret. Sjå kommunelova § 23-5 som seier:

«Kontrollutvalget skal rapportere resultatene av sitt arbeid til kommunestyret eller fylkestinget. I saker som skal oversendes til kommunestyret eller fylkestinget, skal kommunedirektøren gis anledning til å uttale seg før kontrollutvalget behandler saken.»

Vedtakskompetanse

Det er kommunestyret som har vedtakskompetanse i saker som vert rapportert frå kontrollutvalet, jf. kommunelova § 23-5 der det står dette:

«Kontrollutvalget skal rapportere resultatene av sitt arbeid til kommunestyret eller fylkestinget.»

Vurderingar og verknader

Årsmelding for 2025 er vedlagt saka. Ettersom årsmeldinga også fungerer som ei rapportering til kommunestyret, vert det lagt opp til endeleg handsaming av årsmeldinga der, slik det og har vore gjort i ei årrekke.

Konklusjon

Kontrollutvalet tilrår at kommunestyret godkjenner årsmeldinga.



ÅRSMELDING 2025

FOR

KONTROLLUTVALET

I

BØMLO KOMMUNE

1 Føremål og oppgaver for kontrollutvalet

Føremålet med kontrollutvalet sitt arbeid er å medverke til at det vert allmenn tillit til at kommunen sine oppgaver vert løyst på best mogleg måte, og i samsvar med gjeldande lover og forskrifter.

I kommunelova § 23-1 står det m.a:

Kontrollutvalget skal påse at

- a) kommunens eller fylkeskommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte
- b) det føres kontroll med at den økonomiske forvaltningen foregår i samsvar med gjeldende bestemmelser og vedtak
- c) det utføres forvaltningsrevisjon av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet, og av selskaper kommunen eller fylkeskommunen har eierinteresser i
- d) det føres kontroll med forvaltningen av kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser i selskaper mv. (eierskapskontroll)
- e) vedtak som kommunestyret eller fylkestinget treffer ved behandlingen av revisjonsrapporter, blir fulgt opp. at kommunen har en forsvarlig revisjonsordning.

2 Samansetjing av kontrollutvalet

Kontrollutvalet for valperioden 2023 – 2027 er slik samansett:

Medlemmer

Arne Zahl Røksund, leiar (SV)

Rune Kvernenes (H)

Ståle Sagvåg (FRP)

Bente Spissøy (DNI)

Lene Borgen Waage (AP)

Varamedlemmer, etter parti:

- 1.Nina Helle (Ap)
- 2.Rune Indrehus (SV)
- 3.Maren Landmark (SV)

- 1. Helene Søvold (H)
- 2. Stig Randal (H)
- 3. Ola Gjerde (H)
- 4. Aslaug Skimmeland Huse (H)

- 1. Arvid Hafver (FrP)
- 2. Olava Gilje Nord (KrF)

- 1. Magnar Skålevik (VIP)
- 2. Jarle Haakonseth (VIP)

- 1. Endre Barane (AP)
- 2. Ellen Marje Thorland (AP)
- 3. Atle Nordtun (AP)

I følge lova skal minst ein av medlemmane i kontrollutvalet og vera medlem av kommunestyret. Bente Spissøy og Rune Kvernenes er og medlem av kommunestyret.

3 Om verksemda til kontrollutvalet i 2025

- Kontrollutvalet hadde 5 møter og handsama 38 politiske saker i 2025.
- Ordfører har møterett i kontrollutvalet.
- Kommunedirektør og andre tilsette i kommunen har møtt for å informera til kontrollutvalet, når dei har vorte innkalla.
- Revisjonen har og møtt på møta i kontrollutvalet.
- Kontrollutvalet har fått tilgang til den informasjonen det har vorte bede om.

4 Sekretariatsordninga

I kommunelova § 23-7 Sekretariatet, står det dette:

Kommunestyret og fylkestinget skal sørge for at kontrollutvalget får sekretariatsbistand som tilfredsstiller utvalgets behov.

Sekretariatet skal påse at de sakene som behandles av kontrollutvalget, er forsvarlig utredet, og at utvalgets vedtak blir iverksatt.

Sekretariatet skal være uavhengig av kommunens eller fylkeskommunens administrasjon og av den eller dem som utfører revisjon for kommunen eller fylkeskommunen.

Sekretariatsfunksjonen kan ikke legges til

- a) ansatte i kommunen eller fylkeskommunen som har andre arbeidsoppgaver enn å være sekretær for kontrollutvalget
- b) den som utfører revisjon for den aktuelle kommunen eller fylkeskommunen
- c) medlemmer av kontrollutvalget, kommunestyret eller fylkestinget i den aktuelle kommunen eller fylkeskommunen.

Den som utfører sekretariatsoppgaver for kontrollutvalget, er direkte underordnet kontrollutvalget og skal følge de retningslinjer og pålegg som utvalget gir.

Kommunestyret og fylkestinget velger selv sekretariat for kontrollutvalget etter innstilling fra kontrollutvalget.

Sekretariat for kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune utfører sekretariatstenesta for kontrollutvalet i Bømlo kommune. Helge Inge Johansen og Malene Hopsdal Grønningen har utført sekretærøppgaver på kontrollutvalgs møta i 2025.

Sekretariat for kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune er også sekretariat for kontrollutvalet i fylkeskommunen, samt kontrollutvala i desse kommunane: Askøy, Austevoll, Eidfjord, Fitjar, Kvam, Kvinnherad, Samnanger, Stord, Tysnes, Ullensvang, Ulvik, Vaksdal og Øygarden. I tillegg til dette har sekretariatet også vore settesekretariat for Møre og Romsdal fylkeskommune sitt kontrollutval i heile 2025.

Vestland fylkeskommune / Hordaland fylkeskommune har utført sekretariatstenester for Bømlo kommune sidan 2008. Det vart gjennomført konkurranse gjeldande sekretariats-tenester for fem kommunar i Sunnhordland andre halvår 2022. Vestland fylkeskommune held fram som sekretariat for Bømlo kommune. Avtala gjeld frå 01.01.2023 til 31.12.2025, med opsjon på 1 + 1 år.

5 Revisjonstenesta

Kontrollutvalet skal på vegne av kommunestyret ha tilsyn med den kommunale forvaltninga. Utvalet må halda seg orientert om kva saker revisjonen arbeider med og føra tilsyn med at revisjonsarbeidet er à jour og føregår i samsvar med forskrift og vedtak.

På grunnlag av revisjonen sine rapportar, rekneskapsplan og annan informasjon, har utvalet ført tilsyn med at forvaltninga er i samsvar med gjeldande lover, forskrifter og vedtak. Utvalet skal vidare i samarbeid med revisjonen gjennomføra ei systematisk vurdering av bruk og forvaltning av dei kommunale midlar, med utgangspunkt i oppgåver, ressursbruk og oppnådde resultat (forvaltningsrevisjon).

Deloitte AS er revisor for Bømlo kommune. Det vart gjennomført konkurranse og innhenta tilbud på revisjonstenester vinteren 2024/2025. Etter gjennomført konkurranse og handsaming av saka i kontrollutvalet fatta kommunestyret slikt vedtak i møte 28.04.2025 under sak PS 26/2025:

«Kommunestyret i Bømlo kommune vel Deloitte AS som revisor frå 01.07.2025 til 30.06.2029.»

Til dagleg er det den valde revisor som utfører kontrollen mot kommunen, men kontrollutvalet har eit eige ansvar med å sjå til at arbeidet vert tilfredsstillande utført. Kommunelova stiller krav om at utvalet sjølv må visa ei aktiv haldning. For å få utført det arbeid utvalet er pålagt, er ein avhengig av god kommunikasjon med kommunestyret, administrasjonen i kommunen og revisor. Samarbeidet har vore godt med dei aktuelle aktørar.

Ansvarleg revisor i Deloitte har vore Birte Bjørkelo som i tråd med regleverket har lagt fram eigenvurdering for at Deloitte er uavhengig i høve til Bømlo kommune. Deloitte har lagt fram revisjonsmelding, slik kravet er, samt rapportar og annan informasjon om revisjonen sitt arbeid.

6 Arbeid med forvaltningsrevisjon.

Kommunelova § 23-2. Kontrollutvalgets ansvar og myndighet punkt c lyd slik:

«Kontrollutvalget skal påse at:

c) det utføres forvaltningsrevisjon av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet, og av selskaper kommunen eller fylkeskommunen har eierinteresser i.»

Vidare går det fram av kommunelova § 23-3. Forvaltningsrevisjon dette:

«Forvaltningsrevisjon innebærer å gjennomføre systematiske vurderinger av økonomi, produktivitet, regeletterlevelse, måloppnåelse og virkninger ut fra kommunestyrets eller fylkestingets vedtak.»

Kontrollutvalet vurderer m.a. kvaliteten i sakshandsaminga og om vedtak og premisser er tilstrekkeleg klårt utforma til at vedtaka kan effektuerast. I den nye kommunelova gjeld dette også internt i selskap som kommunen har eigarinteresser i. I punkta nedanfor kjem kort omtale av dei revisjonane innan dette feltet som kontrollutvalet har handsama i 2025.

6.1 Plan for forvaltningsrevisjon

Kommunen skal, etter lova, utarbeide ein plan for forvaltningsrevisjon slik at gjennomføring av forvaltningsrevisjon vert utført på ein planmessig måte og for å sikre at kommunestyret vel ut dei mest relevante prosjekta. Planen skal vere basert på ein risiko- og vesentlegvurdering.

I kommunelova § 23-3 står det:

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan som viser på hvilke områder det skal gjennomføres forvaltningsrevisjoner. Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet og virksomheten i kommunens eller fylkeskommunens selskaper. Hensikten med risiko- og vesentlighetsvurderingen er å finne ut hvor det er størst behov for forvaltningsrevisjon.

Planen skal vedtas av kommunestyret og fylkestinget selv. Kommunestyret og fylkestinget kan delegere til kontrollutvalget å gjøre endringer i planen.

Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2024 – 2028

Kontrollutvalet har i 2025, med bistand frå Deloitte AS, gjennomført ei slik risiko- og vesentlegvurdering av kommunen si verksemd og av verksemda i kommunen sine selskap.

På bakgrunn av dette er det vidare utarbeidd ein plan for forvaltningsrevisjon som vart handsama i kommunestyret 17.06.2024, sak PS 26/2024 der det vart gjort slikt vedtak etter innstilling frå kontrollutvalet:

«Vedtak:

1. Forslag til plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2024- 2028 for Bømlo kommune vert vedteken slik den ligg føre.
2. Planen gjeld for resten av valperioden og fram til ny plan etter intensjonen vert vedteken i 2028.
3. Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å foreta endringar og omprioriteringar i planen, samt til å kunne definera og avgrensa konkrete prosjekt innafor dei utvalde områda i planen.
4. Planen skal evaluerast minst ein gong i valperioden. Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjera denne evalueringa.
5. Kontrollutvalet skal innstilla om rapport etter forvaltningsrevisjonar til kommunestyret etter kvart.

I den vedtekne planen er desse prosjekta sett opp som prioriterte forvaltningsrevisjonar:

1. Habiliteringstenesta
2. Økonomistyring og ressurseffektive helse- og omsorgstenester
3. Økonomistyring og berekraft
4. Bemanning og sjukefråvær
5. Skulemiljø

6.2 Forvaltningsrevisjonsprosjekt

Forvaltningsrevisjon er eit verktøy som kommunestyret og kontrollutvalet skal nytta for å sikre at kommunen på best mogleg måte tek omsyn til innbyggjarane sine behov og rettar. Forvaltningsrevisjon er ein av dei pålagde oppgåvene til kontrollutvalet.

Forvaltningsrevisjon av Bømlo vatn og avløpsselskap AS - revisjonsrapport

Kontrollutvalet bestilte forvaltningsrevisjon av Bømlo vatn og avløpsselskap AS i møte 19.09.2025 (PS 33/25), og prosjektplanen vart handsama i møte 20.11.2025 (PS 36/25) og dette vart vedteke:

1. Kontrollutvalet ønskjer at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon innan vatn og avløp.
2. Utvalet ber Deloitte utarbeida forslag til prosjektplan i tråd med dei føringane utvalet har gjeve, inkl. føremål, problemstillingar, ev. avgrensingar, ressursbruk og leveringstidspunkt.
3. Utvalet ber Deloitte levere forslag til prosjektplan til sekretariatet seinast 30.10.25, slik at kontrollutvalet kan handsama prosjektplanen i møte 20.11.25.

I prosjektplanen kjem det fram slik gjeldande føremål og problemstillingar:

Føremål

Føremålet med forvaltningsrevisjonen vil vere å undersøkje samhandlinga mellom kommune og selskapet, både i kraft av kommunen si rolle som eigar av selskapet og kommunen som ansvarleg for vatn- og avløpsanlegg. Det vil også vere eit føremål å vurdere drifta i selskapet med omsyn til kvalitet og effektivitet i tenestene, samt berekning av sjølvkostgebyr.

Problemstillingar

1. Har Bømlo kommune sikra ei tilfredsstillande organisering og tydelege krav og forventningar til Bømlo vatn og avløpsselskap AS?
 - a. Har Bømlo kommune utarbeidd ein eigarstrategi for BVA som definerer overordna mål, krav og forventningar til selskapet, under dette når det gjeld t.d. kvalitativt gode og effektive VA-tenester?
 - b. Er det utarbeidd formelle avtalar, rutinar eller prosedyrar for samarbeid mellom selskapet og kommunen, og korleis fungerer samarbeidet i praksis når det gjeld t.d. å sikre at kommunen sine behov for VA-tenester blir ivareteke?
 - c. Er det utarbeidd tilstrekkelege system og rutinar for å sikre korrekt fordeling av kostnader mellom selskapet og kommunen?
2. I kva grad sørgjar Bømlo vatn og avløpsselskap AS for at tenestene innanfor vatn og avløp løysast kostnadseffektivt og med naudsynt kvalitet?
 - a. Har selskapet utarbeidd mål, strategiar og planar for å sikre effektive og kvalitativt gode tenester, og som er i samsvar med overordna føringar frå Bømlo kommune?
 - b. Blir det utført samanlikningar (benchmarking) med andre leverandørar av vatn- og avløpstenester, som grunnlag for å vurdere og vidareutvikle arbeidet til BVA?
 - c. I kva grad har BVA sikra tilstrekkeleg kapasitet og kvalitet på vassforsyning og reinsing av avløpsvatn i Bømlo kommune?
 - d. Er det etablert tilstrekkelege system og rutinar for planlegging og gjennomføring av investeringsprosjekt, for å sikre leveransar innanfor tid og budsjett?
 - e. Har selskapet tilstrekkeleg fagleg kompetanse og operativ kapasitet til å sikre forsvarleg drift og etterleving av relevante lover og forskrifter?
 - f. I kva grad etterlever selskapet regelverk og retningslinjer for tilknytning til kommunalt vatn og avløp, særleg med omsyn til vilkår og prisar for næringslivet?
 - g. I kva grad har selskapet oversikt over husstandar som ikkje er knytt til det offentlege leidningsnett, og finst det ein plan for tilknytning av desse?
3. I kva grad blir det sikra tilfredsstillande berekning av sjølvkost for vatn- og avløpstenester i Bømlo kommune?

- a. Har selskapet tilfredsstillande rutinar for berekning av sjølvkost, inkludert handtering av direkte og indirekte kostnader?
- b. Blir det utarbeidd tilfredsstillande sjølvkostkalkylar og prognosar, og er forvaltning av sjølvkostfond i samsvar med regelverk?

Følgjande vedtak vart gjort i kontrollutvalet sitt møte, 20.11.2025, PS 36/25:

1. Kontrollutvalet bestiller forvaltningsrevisjon av Bømlo vatn og avløpsselskap AS frå Deloitte AS, med utgangspunkt i forslag til prosjektplan og ev. innspel under drøftinga i møtet.
2. Ev. ny korrigerert prosjektplan vert å sende sekretariatet innan 27.11.2025. Dersom det er naudsynt får kontrollutvalsleiar i samråd med sekretariatet fullmakt til å godkjenna den endelege prosjektplanen.
3. Det vert akseptert ein samla timeressurs på inntil det timetal som går fram av prosjektplanen.
4. Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapporten frå Deloitte skal vere ferdig innan 20.08.2026, ferdig verifisert og med kommunedirektøren si uttale vedlagt og/eller innarbeidd, slik at saka kan handsamast i første haustmøte i kontrollutvalet 2026.

Forvaltningsrevisjon av habiliteringstenesta – avlyst

Kontrollutvalet behandla i møte 10.04.2025 saka om forvaltningsrevisjon av habiliteringstenesta. Utvalet vedtok då å avlyse det tidlegare bestilte prosjektet, fordi kommunen sjølv har starta eit betringsarbeid på området. Samstundes bad kontrollutvalet kommunedirektøren om å gi jamlege orienteringar om arbeidet med Handlingsplan helse-sosial-omsorg 2023–2024 («habiliteringstenesta»), jf. mandat 26.

Forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll av Bømlo kommunale eideomsselskap AS - oppfølging

Kontrollutvalet bestilte forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll av Bømlo kommunale eideomsselskap AS i møte 16.02.2023.

Kommunestyret handsama forvaltningsrevisjonen av kommunen sitt eigarskap i møte 19.02.2024 (PS 3/24), og gjorde følgjande vedtak:

Kommunestyret ber kommunedirektør om å:

1. Sørge for at det vert lagt fram ei årleg melding til kommunestyret om status og utvikling for kommunen sine eigarskap, til dømes om økonomi og viktige saker (del 2 i eigarskapsmeldinga).
2. Sørge for å definere kommunen sitt føremål med kvart enkelt eigarskap, og inkludere dette føremålet i eigarskapsmeldinga.
3. Sørge for at alt av mål, krav og forventningar til BKE vert samla i ein eigarskapsstrategi for selskapet, og forankre eigarskapsstrategien i generalforsamlinga til selskapet
4. Sørge for at det vert utarbeida retningslinjer for valkomiteen sitt arbeid, som mellom anna inneheld krav om: a. At nominasjonar blir gjort med utgangspunkt i krav til kompetanse, kjønnsbalanse og personlege eigenskapar, og b. At valkomiteen utarbeider skriftlege grunngjevingar for nominasjonane.
5. Sørge for at det blir utarbeidd ei oversikt over behovet for bustader for vanskelegstilte på bustadsmarknaden. Oversikta bør legge grunnlag for planstrategien for kommunen.
6. Sørge for at den økonomiske situasjonen i BKE vert følgt opp, og saman med selskapet vurdere moglege tiltak for å sikre tilstrekkeleg eigenkapital for framtidig drift

Kommunestyret ber Bømlo kommunale eideomsselskap AS om å:

1. Arbeide med å vidareutvikle og forbetre strategiplanen slik at
 - a) Dei overordna målsettingane er målbare og mogleg å oppnå.

- b) Tiltaka er konkrete og seier kva BKE skal gjere for å oppnå måla
- c) Kolonnane for måling , frist og status er utfylt for alle tiltaka.
- 2. Sørge for at det vert utarbeid ein vedlikehaldsstrategi
- 3. Sørge for at å få registrert selskapet i styrevervregisteret til KS

Kommunestyret ber og om at det ver laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 01.04.2024, som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvar for iverksettinga.

Kontrollutvalet behandla handlingsplanen i møte 09.10.2024 (PS 24/24). Utvalet konstaterte at kommunen hadde starta forbetningsarbeidet, men at det framleis stod att fleire tiltak. Kontrollutvalet bad difor om ny skriftleg status til første møte i 2025. Handlingsplanen vart følgt opp i møte 06.02.2025 (PS 3/25). Kontrollutvalet bad då om ei ny orientering frå dagleg leiar i Bømlo kommunale eigedomsselskap AS (BKE) til april- eller maimøtet 2025.

I møte 14.05.2025 vart det gitt ei kort orientering om saka. Kontrollutvalet vedtok å be om ei ny, skriftleg status for handlingsplanen til novembermøtet 2025.

Sekretariatet mottok oppdatert informasjon om saka i e-post frå kommunedirektør v/juridisk rådgjevar 30.10.2025. Av oppdateringa går det fram at det framleis står att ein del arbeid før handlingsplanen er fullt ut gjennomført, mellom anna fleire større og tidkrevjande tiltak. Kontrollutvalet vedtok derfor at det skal leggjast fram ei ny statusoppdatering til eitt av haustmøta i 2026.

7 Arbeid med eigarskapskontroll

I den nye kommunelova er selskapskontroll erstatta med forvaltningsrevisjon i selskap, og eigarskapskontroll. Dette står om eigarskapskontroll i kommunelova § 23-2 d:

Kontrollutvalget skal påse at det føres kontroll med forvaltningen av kommunens eierinteresser i selskaper mv. (eierskapskontroll)

Det står i tillegg litt meir utfyllande om eigarskapskontrollen i kommunelova § 23-4:

Eierskapskontroll innebærer å kontrollere om den som utøver kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser, gjør dette i samsvar med lover og forskrifter, kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og anerkjente prinsipper for eierstyring.

7.1 Plan for eigarskapskontroll

Kommunen skal, etter lova, utarbeide ein plan for eigarskapskontroll slik at kontrollen med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap vert utført på ein planmessig måte og for å sikre at kommunestyret vel ut dei mest relevante prosjekta. Planen skal vere basert på ei risiko- og vesentlegvurdering.

Følgjande står om plan for eigarskapskontroll i kommunelova § 23-4:

«Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for hvilke eierskapskontroller som skal gjennomføres. Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens og fylkeskommunens eierskap. Hensikten med risiko- og vesentlighetsvurderingen er å finne ut hvor det er størst behov for eierskapskontroll.

Planen skal vedtas av kommunestyret og fylkestinget selv. Kommunestyret og fylkestinget kan delegere til kontrollutvalget å gjøre endringer i planen.»

Plan for eigarskapskontroll for perioden 2024 – 2028

Kontrollutvalet har med god bistand frå Deloitte AS, gjennomført ei slik risiko- og vesentlegvurdering av kommunen sin eigarskap i selskap. Plan for eigarskapskontroll for perioden 2024 – 2028 vart vedteke av kommunestyret 17.06.2024:

1. Forslag til plan for eigarskapskontroll for perioden 2024 – 2028 for Bømlo kommune vert vedteken slik den ligg føre.
2. Planen gjeld for resten av valperioden og fram til ny plan etter intensjonen vert vedteken i 2028.
3. Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å foreta endringar og omprioriteringar i planen, samt til å kunna definera og avgrensa konkrete prosjekt innafor dei utvalde områda i planen.
4. Planen skal evaluerast minst ein gong i valperioden. Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjera denne evalueringa.
5. Kontrollutvalet skal innstilla om rapport etter eigarskapskontrollar til kommunestyret etter kvart.

I den vedtekne planen er desse prosjekta sett opp som prioriterte eigarskapskontrollar:

1. Bømlo Vatn og Avløp AS
2. Overordna eigarskapsforvaltning i Bømlo kommune
3. Bømlo Kommunale Eigedomsselskap AS
4. Moster 2024
5. Viergo AS
6. Sentralidrettsanlegget AS

7.2 Gjennomførte eigarskapskontroll.

Sjå punkt 6.2 «Forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll av Bømlo kommunale eigedomsselskap AS – oppfølging».

8 Arbeid med rekneskapsrevisjon

Revisjon av årsrekneskapen er ein heilt sentral del av eigenkontrollen i kommunen. Revisor skal gje tryggleik for at ein kan stole på informasjonen kommunen gjev om økonomien sin.

Kontrollutvalet skal sjå til at kommunen blir revidert på ein forsvarleg måte. Utvalet er difor avhengig av at revisor i tilstrekkeleg grad rapporterer om revisjonsarbeidet. At kontrollutvalet og revisor har ein god dialog og god forståing av sine oppgåver, er viktige føresetnader for å skape tryggleik for at revisjonsarbeidet blir forsvarleg utført.

I kommunelova § 23-2 står mellom anna dette:

Kontrollutvalget skal påse at

a) Kommunen eller fylkeskommunen sine årsregnskaper blir revidert på en betryggende måte

Dette står om rekneskapsrevisjon i forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 3:

Kontrollutvalget skal holde seg løpende orientert om revisjonsarbeidet og påse at

a) Kommunen eller fylkeskommunen sine årsregnskaper blir revidert på en betryggende måte

b) Regnskapsrevisjonen blir utført i samsvar med lov, forskrift og kontrollutvalgets instruksjer og avtaler med revisor

c) Regnskapsrevisjonen blir utført av revisorer som oppfyller kravet i kapittel 2 og 3
Kontrollutvalget skal uttale seg til kommunestyret eller fylkestinget om årsregnskapene og årsberetningene før formannskapet eller fylkesutvalget innstiller til vedtak.

Årsrekneskap og årsmelding

Kontrollutvalet handsama sak om årsrekneskap og årsmelding i maimøtet, der kontrollutvalet som ein del av saka gjev ein uttale til årsrekneskapen.

Dette vart mellom anna omtalt i saksframlegg og uttale:

Av rekneskapen for 2024 har sekretariatet merka seg eit netto negativt driftsresultat med kr – 27.214.882 i den konsoliderte rekneskapen, som utgjer eit netto negativt resultatgrad på – 2,13 % (Sett opp mot sum driftsinntekter). Gjennomsnitt for alle kommunane i Norge ligg ifølge opplysningar fra SSB på netto resultatgrad på - 0,2 % i 2024. Teknisk beregningsutvalg for kommunal og fylkeskommunal økonomi (TBU) tilrår at ein over tid bør ha netto resultatgrad på 1,75 % for å ha ei forsvarleg økonomisk drift.

For Bømlo kommune har netto resultatgrad vore slik dei siste 5 åra: 2020 (+ 1,69 %), 2021 (- 1,06 %), 2022 (- 1,76 %), 2023 (- 4,23%) og 2024 (-2,13%). Som vi ser av desse tala har kommunen eit resultat som i 2024 er negativt. Det er svakare enn tilrådingane frå TBU og mykje svakare enn snittet i kommunane. Netto driftsresultat viser kva ein har igjen etter at alle driftsutgifter, inklusive renter og avdrag er dekkja. Driftsresultatet påverkar i stor grad kommunen sin handlefridom og evne til å tåle svingningar i økonomien.

Riksrevisjonen la 16.02.2015 fram Dokument 3:5 (2014 – 2015) «Riksrevisjonens undersøkelse av kommunenes låneopptak og gjeldsbelastning». Her er det undersøkt sammenhengen mellom høg lånegjeld i kommunane, sum driftsinntekter og disposisjonsfond. Riksrevisjonen tilrår at kommunane ikkje bør ha meir enn 75 % av driftsinntektene i lånegjeld. Ved å nytte Riksrevisjonen si tilnærming kjem ein fram til at Bømlo kommune har ei lånegjeld i 2024 tilsvarende 76,5 % av sum driftsinntekter, altså litt høgare enn tilrådinga frå Riksrevisjonen. Tilsvarende tal, 84,1 % i 2021, 82 % i 2022, 81 % i 2023. Tilsvarende er disposisjonsfondet på 0 % av driftsinntektene. Riksrevisjonen tilrår her minst 5%. Tilsvarende tal i 2021 5,93 %, 3,01% i 2022 og 0 % i 2023.

Kommunen si gjeldsbelastning finn ein ved å sjå på netto rente og avdragsutgifter i prosent av driftsinntektene. I 2024 finn vi at denne gjeldsbelastninga er på 6,5 %.

Oppsummering/tilråding frå kontrollutvalet:

Kontrollutvalet vil likevel gjere kommunestyret merksam på følgjande forhold:

Viktige nøkkeltal i årsrekneskapen:

- Netto driftsresultat er på 3,02 % av driftsinntektene, tilrådinga frå TBU er minst 1,75%
- Gjeldsgrad er berekna til 87,77 % av driftsinntektene, Riksrevisjonen tilrår maks 75%
- Gjeldsbelastning er berekna til 5,39 % av driftsinntektene. Statsforvaltaren i Nordland tilrår at gjeldsgraden ikkje overstig 5 %
- Disposisjonsfondet er berekna til 16,49 % av driftsinntektene. Riksrevisjonen si tilråding er på minst 5%, og kommunen sitt eige mål er at fondet skal ligge på ca. 15 mnok. Fondet var ved årsskiftet på 51,59 mnok.

9 Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT)

FKT er ein landsomfattande organisasjon som har som oppgåve å vera møte- og kompetanseplass for kontrollutvala og deira sekretariat. Kontrollutvalet i Bømlo kommune er medlem i FKT.

Nyheitsbrev frå FKT med aktuelle tema for kontrollutvalet sitt arbeid er og lagt fram som meldingar til kontrollutvalet.

10 Opplæring

Det er gjennomført kurs for medlemmane i det nye kontrollutvalet med temaet «samhandling mellom kontrollutval og forvaltningsrevisor».

11 Kontrollutvalet på kommunen si heimeside.

Informasjon om kontrollutvalet på heimesida er lagt til rette på ein god måte. Kommunestyret, alle hovudutval, og også kontrollutvalet brukar lese Brett på møta, og får innkalling til møter elektronisk. For å nytta denne arbeidsmåten i politiske utval er det ein føresetnad at heimesida er godt tilrettelagt og at innkallingar og protokollar vert lagt ut.

12 Tilsyn frå Statsforvaltaren.

Når til dømes Statsforvaltaren gjennomfører tilsyn i kommunane, vert det utarbeida rapport etter tilsynet, som vert sendt til kommunen. I rapportar etter slik gjennomgang av tenestoområde, gjev Statsforvaltaren tilråding, melding eller pålegg til kommunen om kva som bør følgjast opp innanfor saksfeltet. Når påpeikingane er følgd opp og utført på ein tilfredsstillande måte, sender Statsforvaltaren melding om at tilsynssaka er avslutta.

Kontrollutvalet har ikkje hatt referatsak om eksterne tilsyn i nokre av møta i 2025.

13 Andre saker handsama av kontrollutvalet

Døme på andre saker kontrollutvalet har handsama i 2025, lista er ikkje uttømmende:

- Årsmelding 2024 for kontrollutvalet
- Forslag til budsjett for kontrollutvalet 2026
- Orientering om habiliteringstenesta
- Orientering om teljepraksis i delings- og byggesaker i LNFR spreidd bustadsområde
- Orientering om tilsetjingsprosessar
- Orientering frå Sunnhordland interkommunale nettverk (SIM)
- Oppfølging av handlingsplan etter forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll av Bømlo kommunale eigedomsselskap AS
- Årsmelding mobbeombodet i Vestland

Bømlo 13.02.2026.

Arne Zahl
leiar i kontrollutvalet

Bømlo kommune

Kontrollutvalet
c/o Sekretariat for kontrollutvalet
Vestland fylkeskommune
Postboks 7900, 5020 Bergen

telefon: 05557

e-post: anne.kristin.meyer@vlfk.no
e-post: malene.hopsdal.gronningen@vlfk.no
e-post: kjartan.haugsnæs@vlfk.no
e-post: helge.inge.johansen@vlfk.no
e-post: miriam.akkouche@vlfk.no
e-post: kontrollutvalet@vlfk.no



Saksframlegg

Saksnr: 2025/19-2
Saksbehandlar: Malene Hopsdal
Grønningen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Bømlo kommune, Kontrollutvalet	4/26	13.02.2026

Kurs i regi av Deloitte AS i 2026

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ber om at Deloitte gjennomfører kurs innan i samband med møte i kontrollutvalet2026.
2. Sekretariatet vert beden om å ta seg av alt det praktiske med organisering, kunngjering og avvikling av kurset, gjerne i samarbeid med administrasjonen i Bømlo kommune.

Samandrag

Bømlo kommune har i avtalen med Deloitte AS at revisor skal halde kurs for kontrollutvalet sine medlemmar og/eller for medarbeidarar i administrasjonen, med eit omfang på 1/2 kursdag per år.

Anne Kristin Meyer
kontrollsjef

Malene Hopsdal Grønningen
rådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

1. Kursoversikt 2026

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Bømlo kommune har avtale med Deloitte AS som revisor med verknad frå 01.07.2025. I kontrakten som er inngått går dette fram av avtaledokument punkt 3.1 Opplæring:

«REVISOR skal leggje fram for kontrollutvalet tilbod om og gjennomføring kurs, for utvalet sine medlemmar, politisk nivå og/eller for medarbeidarar i administrasjonen. Tema skal avtalast med kontrollutvalet ved det einskilde høve. Omfang skal reknast til 1 kurs á 2 timar pr. år. Kursa skal som hovudregel gjennomførast fysisk i kommunen.»

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å vedta gjennomføring av naudsynte kurs innan vedteke budsjettamme, jf. kommunelova § 23-2 og forskrift om kontrollutval og revisjon § 2.

Vurderingar og verknader

Det blir no lagt fram sak om kva kurs kontrollutvalet skal velja våren 2026. Deloitte sitt forslag til kurs som kan vera aktuelle å halde for kontrollutvalet og/eller administrasjonen i Bømlo kommune ligg ved saka.

Deloitte gjennomførte i 2025 kurs i Samhandling mellom kontrollutval og forvaltningsrevisor i Bømlo kommune. I dette møtet bør kontrollutvalet drøfte seg fram til kva kurs ein ønsker å få gjennomført våren 2026. Det normale til no har vore at slike kurs har hatt ein varigheit på 2 timar og at dei har blitt halde i samband med eit kontrollutvalsmøte.

Konklusjon

Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet diskuterer kva kurs dei vil at Deloitte skal gjennomføre våren 2026. Videre bør utvalet be sekretariatet ta seg av det praktiske med organisering og avvikling av kurset, gjerne i samarbeid med administrasjonen i Bømlo kommune.



Kursoversikt 2026

Kommunal sektor

Kursoversikt

Tema		Stikkord
1	Innføring i årsrekneskap	– Grunnleggande innføring
2	Offentlege anskaffingar	– Kva er hovudprinsippa i regelverket?
3	Meirverdiavgift og meirverdiavgiftskompensasjon	– Innføring i kompensasjonsordninga – Praktiske eksempel
4	Justeringsplikt og -rett	– MVA. ved (fylkes-)kommunens overtaking av bygg og anlegg
5	Habilitet	– Kurset gjev ei innføring i regelverk knytt til habilitet, korleis habilitetsvurderingar kan gjerast og korleis det kan etablerast gode rutinar for å sikre at tilsette og folkevalde ikkje handsamar saker der dei er inhabile
6	GDPR og informasjonssikkerheit	– Grunnleggande prinsipp og krav
7	Arkivering, journalføring og offentlegheit	– Innføring i ulike lovkrav (arkiv- og journalplikt, innsynsrett) – Typiske utfordringar
8	Utvalgte tema knytt til forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll	– Kva er forvaltningsrevisjon og/eller eigarskapskontroll? – Korleis gjere ei god bestilling? – Korleis følge opp gjennomført revisjon?
9	Roller, rolleforståing og ansvar i kontrollarbeidet	– Kva er kontrollutvalets rolle og ansvar i kontrollarbeidet? – Kva er kommunestyrets rolle og ansvar i kontrollarbeidet? – Kva er administrasjonens rolle og ansvar i kontrollarbeidet?
10	Roller og rolleforståing i eigarskapsforvaltning	– Innføring i ulike selskapsformer – Roller og rolleforståing – Kva roller har eigarrepresentantar, valde styremedlemmer, osv.

Kursoversikt

Tema		Stikkord
11	Avstemming av rekneskapen	- Kva bør ei avstemming innehalde? - Kor ofte bør avstemmingar utarbeidast? - Kva avstemmingar skal utarbeidast? - Kva regelverk gjeld på området?
12	Økonomisk internkontroll	- Fullmakter - Kontroller
13	Organisatorisk internkontroll	- Kva er internkontroll? - Korleis oppnå tilfredsstillande internkontroll?
14	Innberetning av løn	- Kva ytingar er avgiftspliktige og kva er oppgåvepliktige?
15	Investeringsrekneskap	- Krav til investeringsrekneskap - Skille mellom driftsrekneskap og investeringsrekneskap - Kva skal bokførast i driftsrekneskapen? - Kva kriterium skal vere oppfylt for bokføring i investeringsrekneskapet?
16	Andre rekneskapsmessige problemstillingar	- Tilpassast etterspurnad og behov
17	Leverandørrevisjonar - kva er kontrollutvalet si oppgåve og korleis skil desse seg frå andre revisjonar?	- Sjå i samband med nye innsynsmoglegheiter i kommunelova
18	Utvalde delar av kommunelova og tilhøyrande forskrifter	- Kva er dei viktigaste endringane frå tidlegare lov? - Her kan vi sjå nærare på utvalde delar
19	Prosjektstyring	- Suksessfaktorer - Fallgruver
20	Medlem i kontrollutvalet	- Kva for rolle og ansvar har ein som medlem i kontrollutvalet?

Kursoversikt

Tema		Stikkord
21	Korrupsjon og mislegheiter i forvaltningsrevisjon	– Kva revisjonsmetodar og tiltak kan avdekke uregelmessigheiter?
22	Korleis revidere vår tids største utfordring – klimaavtrykk og naturmangfald	- Omstilling og tilpassing til eit klima i endring – kva er kommunane/fylkeskommunane si rolle?
23	Korleis bruke KI på ein etisk forsvarleg måte?	- Kva er dei viktigaste etiske prinsippa og korleis styrer vi risikoen?
24	Grunnleggende kurs om Robek	– Når kjem kommunen på Robek? – Konsekvensar av Robek

Deloitte AS and Deloitte Advokatfirma AS are the Norwegian affiliates of Deloitte NSE LLP, a member firm of Deloitte Touche Tohmatsu Limited, a UK private company limited by guarantee (“DTTL”). DTTL and each of its member firms are legally separate and independent entities. DTTL and Deloitte NSE LLP do not provide services to clients. Please see www.deloitte.com/about to learn more about our global network of member firms.

Deloitte Norway conducts business through two legally separate and independent limited liability companies; Deloitte AS, providing audit, consulting, financial advisory and risk management services, and Deloitte Advokatfirma AS, providing tax and legal services.

Deloitte provides leading professional services to nearly 90% of the Fortune Global 500® and thousands of private companies. Our people deliver measurable and lasting results that help reinforce public trust in capital markets and enable clients to transform and thrive. Building on its 180-year history, Deloitte spans more than 150 countries and territories. Learn how Deloitte’s approximately 470,000 people worldwide make an impact that matters at www.deloitte.com

This communication contains general information only, and none of Deloitte Touche Tohmatsu Limited (DTTL), its global network of member firms or their related entities (collectively, the “Deloitte organization”) is, by means of this communication, rendering professional advice or services. Before making any decision or taking any action that may affect your finances or your business, you should consult a qualified professional adviser.

No representations, warranties or undertakings (express or implied) are given as to the accuracy or completeness of the information in this communication, and none of DTTL, its member firms, related entities, employees or agents shall be liable or responsible for any loss or damage whatsoever arising directly or indirectly in connection with any person relying on this communication. DTTL and each of its member firms, and their related entities, are legally separate and independent entities.



Saksframlegg

Saksnr: 2022/40-19
Saksbehandlar: Malene Hopsdal
Grønningen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Bømlo kommune, Kontrollutvalet	5/26	13.02.2026

Orientering frå kommunedirektør - nytt frå kommunen

Forslag til vedtak

1. Informasjonen vert teken til orientering

Samandrag

I møte 28.05.2020 vedtok kontrollutvalet at ein ønskjer at rådmannen (kommunedirektøren) kjem til alle møte i kontrollutvalet og informerer om nytt frå kommunen. Det vert lagt opp til at dette vert fast sak på alle kontrollutvalsmøta framover.

Anne Kristin Meyer
kontrollsjef

Malene Hopsdal Grønningen
rådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet i Bømlo kommune gjorde mellom anna slikt vedtak i møte 28.05.2020 i sak «PS 17/20 Eventuelt»:

«Kontrollutvalet ønskjer ei sak i kvart møte om at rådmannen orienterer om saker frå kommunen».

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse i sak der utvalet vil innhenta informasjon, jf. kommunelova § 23-2.

Vurderingar og verknader

Utvalet vil motta informasjon og kan stilla spørsmål. Så kan ein undervegs vurdere om ein vil ta informasjonen til orientering eller be om noko anna.

Konklusjon

Om det ikkje er nokon særskilte merknader knytt til informasjonen som vert gjeven, tilrår sekretariatet å ta informasjonen til orientering.



Saksframlegg

Saksnr: 2023/483-14
Saksbehandlar: Malene Hopsdal
Grønningen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Bømlo kommune, Kontrollutvalet	6/26	13.02.2026

Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet tar møteprotokollane som går fram av saksutgreiinga til orientering.

Samandrag

Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval er nyttig. Då kan utvalet halde seg orientert om kva som skjer i kommunen og andre politiske utval. Det vert tilrådd at kontrollutvalet tar ein gjennomgang av desse.

Anne Kristin Meyer
kontrollsjef

Malene Hopsdal Grønningen
rådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Gjennomgang av møteprotokollar frå politiske organ vert sett på saklista til kontrollutvalet til kvart møte. Møteprotokollane kan lastast ned frå Bømlo kommune si heimeside. Protokollane gjev primært informasjon om dei sakene som har vore til politisk handsaming. Kontrollutvalet kan be om nærare informasjon om enkeltsaker og drøfte ulike problemstillingar som ein finn av særleg interesse.

Kontrollutvalet har i møte 09.10.24, sak PS 30/24, gjort vedtak om at ansvar for gjennomgang av møteprotokollar skal fordelast slik:

Politisk organ	Utvalsmedlem
Kommunestyret	Bente Spissøy
Formannskapet	Rune Kvernenes
Utval for levkår	Lene Borgen Waage
Utval for areal og samferdsel	Ståle Sagvaag

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å handsame sak om gjennomgang av møteprotokollar, jf. Kommuneloven § 23-2.

Vurderingar og verknader

I tråd med fordelinga ber ein om at utvalsmedlemane ser gjennom innkallingar og møteprotokollar som det er aktuelt å referere saker frå. Til dette møtet vil det vera aktuelt med gjennomgang av desse protokollane:

Politisk organ	Møtedato
Kommunestyret	01.12.2025, 08.12.2025.
Formannskapet	29.01.2026.
Utval for levkår	27.01.2026.
Utval for areal og samferdsel	01.12.2025, 28.01.2025.

Konklusjon

Dersom det ikkje kjem fram noko spesielt i gjennomgang av protokollane, blir det tilrådd at kontrollutvalet tar møteprotokollane som går frem av saksutgreiinga over til orientering.



Saksframlegg

Saksnr: 2023/482-16
Saksbehandlar: Malene Hopsdal
Grønningen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Bømlo kommune, Kontrollutvalet	7/26	13.02.2026

Eventuelt

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Samandrag

Det er lagt opp til å ha eventuelt på sakslista for å ivareta det enkelte medlem i utvalet sin moglegheit til å sjølv ta opp saker som ikkje er på sakslista.

Anne Kristin Meyer
kontrollsjef

Malene Hopsdal Grønningen
rådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Denne saka er å sjå på som ei formalisering av kommunelova § 11-2 siste avsnitt som seier:

«Alle medlemmer kan stille spørsmål til lederen, også om saker som ikke står på sakslisten»

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å handsama sak om eventuelt, jf. kommunelova § 11-3 og § 23-2.

Vurderingar og verknader

Dersom det blir tatt opp saker som krev nærare undersøkingar, eller innhenting av fleire opplysningar, før ein kan konkludere med at det er ei sak for kontrollutvalet, bør utvalet be sekretariatet førebu sak om dette til neste møte.

Konklusjon

Føremålet er å gje opning for å få nærare utgreiing av saker som kontrollutvalet ynskjer å få utgreidd til neste møte, eventuelt få ei orientering frå kommunedirektøren eller andre i eit seinare møte.